

Årsmelding

Øystese Kyrkjelyd, 2021

- godkjent av Øystese sokneråd 25. april 2022 -

Soknerådet hadde 9 ordinære soknerådsmøte i 2021.

Heile soknerådet m/vara var innkalla og møtte til soknerådsmøta:

Sokneprest Lars Arne Vik

Oddvar Ulltang

leiar

Astrid Lunestad

nestleiar

Therese Rykkje Aalvik

kasserar/kontakt Himal Partner

Marita Dalatun

kontakt Øystese barnekor

Kjell Dysvik

Erna Haltvik

Ruben Øystese

Eli Skaar Kvarv

Vara:

Mari Laupsa

skrivar, Kirkens SOS-kontakt

Bente Helen Rykkje Jordalen

Jan Hellingsrud

Edel Huse

Sveinung Lid Aalvik

Årsmelding og rekneskap for 2020 vart godkjent av Øystese sokneråd og lagt fram til orientering på nettsida til Kyrkja i Kvam.

I tillegg til denne årsmeldinga er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet "Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2021" med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2021 (2020-tala i parentes):

Det er halde 28 (26) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 38 (49) deltakarar. I Kvam vart det gjennomført 27 strøymde gudstenester.

18 (25) born er døypte. Det var 18 (31) konfirantar, 3 (5) vigsler og 16 (25) gravferder. Det er halde utegudsteneste på Flatebotnane i juli. Utegudstenesta i Øysteseparken andre påskedag vart avlyst på grunn av korona. Det vart også gjennomført skulegudstenester for barnetrinnet.. Kvar tredje veke utanom juli er det andakt i tredje etasje på Øysteseheimen, ei felles andakt for første og andre etasje der, på Dagsenteret på Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten. Også barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltakarar på alle gudstenestene var 1360 (1693).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 16.782,- (23.275,-) Offer til lag og organisasjonar var kr. 36738,- (40.844,-)

Rekneskapsresultatet for 2021 viser eit overskot på kr. 13724,- (underskot kr. 9009,-) Saldo bank ved årsavslutning kr. 63.970,- (kr. 50.246,-) Rekneskapen er revidert og godkjend.

Kyrkjeleg fellestråd:

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellestråd var i 2021 Oddvar Ulltang (vara Ruben Øystese) og Astrid Lunestad (vara Kjell Dysvik)

Viser elles til eiga årsmelding for fellestrådet.

Også i 2021 har kyrkjeverje invitert soknerådsleiarane til samtale og felles info.

Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet for Kvam trur me vert lese av ein stor del av bygdefolket og er eit godt bindeledd innan kyrkjelyden. Redaksjonen av bladet er no knytt til staben i kyrkja. Sokneråda har sine representantar i redaksjonsnemnda, frå vårt sokn prost em Arne O Øystese. Sokneprest Lars Arne Vik har vore redaktør for bladet.

Open Kyrkje vart avlyst sommaren 2021, grunna covid19

Ny liturgi: Sokneråda i Kvam tok del på ei samling i Norheimsund kyrkje med kyrkjeverje, organistane og prestane. Der song me oss gjennom eit utval av dei ulike alternativa. Liturgivalet til Øystese sokneråd er under handsaming. Ny liturgi for Øystese kyrkjelyd skal formelt godkjennast i løpet av 2022.

Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og Himal Partner.

Øystese kyrkjelyd har framleis samarbeidsavtale med Himal Partner. Soknerådet sin kontaktperson har vore Therese Rykkje Aalvik

Avtalen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden og innsamling av støtte til dei prosjekta Himal Partner til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til Himal Partner bede for i forbøna.

Arrangement: Soknepresten vår, Lars Arne Vik, har i løpet av året planlagt ti Musikalsk føremiddagstreff, nokre vart avlyste på grunn av korona.

Sokneprest Roar Strømme har invitert til samlingar med kyrkjeklubb for psykisk utviklingshemma. Me er mange som set stor pris på desse møtestadene som etter kvart er faste innslag i kyrkjeåret. Men 2021 var også ustabil for kyrkjeklubben, med periodar utan dei faste samlingane. Fleire medlemmer var med på å produsera «mini-gudstenester» digitalt, og ei av desse vart send på det nasjonale nettet til kyrkja. Frå sommaren fekk ein ta til att med fysiske samlingar, og det har vore god oppslutnad.

16.11.21 arrangerte sokneråda og indremisjonane i Norheimsund og Øystese framsyninga «Haugespor» i Norheimsund kyrkje. Underhaldande og lærerik. Me set pris på å kunna arrangera slike arrangement saman.

Trusopplæring i Øystese i 2021: Kari Furnes Aalvik og medhjelparar har stått for søndagsskularbeidet! Dei har gjennomført 3 samlingar pr. semester heime hos seg. Gjennom året har kateket og kyrkjelydspedagog, i samarbeid med soknerådsmedlemmer, invitert til følgjande trusopplæringstiltak:

Krølletreff for 3-åringane(søn 6.juni): 17 deltakarar (68% av 25 inviterte).

4-årsbok (høst): 13 deltakarar (54% av 24 inviterte).

Skulestart-bok for 6-åringane (førsamling 26.mai, inga gudsteneste): bokutdeling på slutten av samlinga: 22 deltakarar (96% av 24 inviterte).

Kyrkjekino for 12 åringane (19. mars): 10 påmelde (35% av 35 inviterte).

Påskevandring 2021: 6 avdelingar (med ca. 20 deltakarar på kvar gruppe) frå både Bjørketeigen og Sjydehaugen barnehagar kom på besøk i kyrkja.

Krybbevandring 2021: 6 avdelingar (med ca. 20 deltakarar på kvar gruppe) frå barnehagane kom på besøk i kyrkja.

Barnekoret: Dirigent Eirin Beate Åserud-Løvlid har i samarbeid med foreldregruppa i koret stått for dette tilbodet i 2021. Dei deltok m.a. på Bjarte Leithaug konsert i Øystese kyrkje 12.06.21. Me set stor pris på arbeidet, og gleder oss over at koret deltek på gudstenester og syng m.a. på Mikkjelsflaten og Øysteseheimen.

Konfirmantarbeid: Det var 18 konfirmantar i Øystese sokn skuleåret 2020-21. Blanding av både fysiske samlingar i kyrkja og nokre digitale undervisningsopplegg. Konfirmantarbeidet vart gjennomført av Eivind Daniel og kateket.

Samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudstenestene vart utsette til september grunna covid19.

Fasteaksjon 2021: Også her påverka covid19 gjennomføringa. Det var ingen konfirmantar som gjekk rundt med bøssene, heile aksjonen vart gjennomført digitalt.

Kyrkjemusikk: Soknerådet har i samarbeid med organistane utarbeidd og vedtatt «Kyrkjemusikalsk plan»

Høyringsprosess: "Ny organisering av kyrkja". Soknerådet har handsama og diskutert høyringsutkastet, og i tillegg har soknerådsleiarane i Kvam samrådd seg. Øystese sokneråd gav følgjande høyrings svar til Kyrkjerådet:

«Prostifellesråd og dagleg leiing: Problematisk med prostifellesråd i distrikta som skal dekkja mange kommunar og lange avstandar. Fellesråd og dagleg leiar bør i høg grad vera knytt til lokalsamfunnet og kyrkjelydane dei skal arbeida for.

Kun ei arbeidsgjevarlinje: Øystese sokneråd støttar forslaget om felles arbeidsgjevaransvar for prestar og andre tilsette i kyrkja. Det vil truleg vera ein føremon om arbeidsgjevaransvaret i ei ny arbeidsgjevarlinje vert lagt til eit høgare nivå enn fellesrådet.

Økonomi: Det er avgjerande for kyrkjelydane og engasjementet til medlemene at dei kommunale midlane og tilskot frå t.d. Kyrkjerådet kan disponerast og prioriterast lokalt, og ikkje gjennom m.a. regionale prostifellesråd.»

Kyrkjebygget:

I 2021 vart det oppdaga lekkasjar i taka på sakristia i kyrkja. Kyrkjegardsarbeidar oppdaga også ustabile heller på hovudtaket. Kyrkjevevje har vore i dialog med Kvam Herad.

Kvam kyrkjelege fellesråd har laga ei prioriteringsliste for utbetring av kyrkjene. Dette er ein prosess der nye behov stadig dukkar opp, med påfølgjande justeringar og omprioriteringar.

**Personalsituasjonen 2021:
Kyrkjelege stillingar i Kvam:**

Kyrkjeverje/dagleg leiar:	Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland
Økonomikonsulent/kyrkjetenar:	Olav S. Lid (01.01.2021-01.04.21)
Sakshandsamar:	Anne Kari Sørheim
Sokneprestar:	Lars Arne Vik og Roar Strømme
Kateket:	Mampion Andriamandimby
Trusopplærar/konfirmantleiar:	Eivind Daniel Røed
Kyrkjelydspedagog:	Solveig Lønning Sangolt
Vikarar i trusopplæringa:	Marta Bergesen Gravdal, Bryna Opdal
Organistar:	Margrete Lid Kjosås og Sevinj Asgarova Øvrehus
Kyrkjetenarar:	Franckie Mario Andrianaivo, Sylvi Elvatun og Bjørn Kåre Thorvaldsen
Arbeidsleiar på kyrkjegarden:	Heine Ugletveit
+klokkarteam i Vikøy og Øystese	

Samarbeid med Øystese indremisjon: Sjølv om covid19 også her prega det årelange samarbeidet, ser me fram til å kunna halda fram når me etter kvart kan treffast på dei ulike møtepunkta våre.

Til sist:

Soknerådet vil takka prestane våre og alle tilsette for arbeidet de utfører i bygdene våre! I det andre korona-året med stadige avlysingar, har de på ein framifrå måte vore kreative og funne praktiske og digitale løysingar som har vore til stor glede for mange! Takk også til pensjonert prost Arne O. Øystese for teneste i Øystese kyrkje også dette året.

Me vil også takka klokkarteamet for det solide arbeidet dei gjer, og for bidraget til foreldregruppa for ungdomskoret! Det er kjekt at det kjem nye til når det er tid for avløyning.. Takk også til frivillige som stiller opp og hjelper til ved ulike arrangement.

Soknerådet 2019 – 2023 har tilbakelagt sitt andre år, også dette prega av pandemien. Det er vanskeleg å leggja planar og spørja medarbeidarar om ulike oppgåver når framtida har vore så uviss. Me håpar at me i løpet av 2022 kan møtast langt oftare, og at me saman kan byggja kyrkjelyd og fellesskap der mange kan få møtast!

På vegne av soknerådet
Oddvar Ulltang
Leiar

13.04.2022